

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Kristian Hanto - nestleiar(dag to under oppsummering av sakene 20 og 27, og under sakene 19, 28, 29, 30 og 33) Kjellbjørn Karsrud, Thomas Nilssen, Tormod Kleiveland, Torfinn Hofstad
Ole Erik Feragen – 1.vara.

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes representant, Solfrid Gjeldokk under sakene 21, 22, 25. Ann Helen Erichsen under sak 19. Audun Stokke Hole under sakene 28 og 29.

Tid: Torsdag 21.04. kl. 10-17, fredag 22.04. kl.09.00-15.00
Stad: Møllergata 39, møterom 1.

Referat

Styresak 2022/17 Innkalling og sakliste

Styresak 2022/18 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Styresak 2022/19 Status og val: FolkOrg 100 år

Styresak 2022/20 Rekruttering av medlemmer

Styresak 2022/21 Utlysing av Årets lokallag, Årets folkemusikkarrangør og Årets eldsjel

Styresak 2022/22 Gnist-prisen

Styresak 2022/23 Utlysing av Årets folkemusikkfotografi

Styresak 2022/24 Styrets deltaking på LK og LF

Styresak 2022/25 Fordeling av aktivitetsstøtte

Styresak 2022/26 Medlemsskap i Norske festivaler

Styresak 2022/27 Har du folkemusikkskikk? Utkast til plan.

Styresak 2022/28 Folkemusikk – strategi og vegval

Styresak 2022/29 Digital tilgjengeleggjering av Spelemannsbladet

Styresak 2022/30 Utnemning av heidersmedlem

Styresak 2022/31 Dato for landsmøtet 2023

Styresak 2022/32 Møteplan hausten 2022

Styresak 2022/33 Eventuelt

Styresak 2022/17 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2022/18 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 31.03.2022

- a. Rådgjeving/Opplæring/service
 - i.Vi har orientert om søknadsfristar, ordningar, prosjekt m.m.
 - ii.Vi har gjennomført lokallagskaffi
 - iii.Vi har hatt kurs i Styreweb for lokallaga.
 - iv.Vi har delteke på årsmøte i 6 områdelag.
 - v.Vi har fått TONO-avtale for lag og arrangørar ut juni.

- a. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i.Landskappleiken:
 - 1. Vi har hatt fleire møte med lokal hovudnemnd 2022
 - 2. Vi har gjort mykje informasjonsarbeid, m.a. arbeid med nye nettsider.
 - 3. Vi gjer klart for arrangørar i 2023 og har kontakt med dei.

 - i.Landsfestivalen i gammaldansmusikk:
 - . Vi har hatt fleire møte med lokal hovudnemnd 2022
 - i. Vi har gjort mykje informasjonsarbeid, m.a. arbeid med nye nettsider.
 - ii. Vi gjer klart for arrangørar i 2023 og har kontakt med dei.
 - i.Folkelarm:
 - 1. Utvalet av artistar er snart klare.
 - 2. Det er rapportert på fjoråret og søkt midlar for i år.
 - 3. Informasjonsarbeidet er i gong.
 - 4. Ny profil under arbeid.

 - i.INTROfolk
 - 1. Vi har vore i kontakt med Gramo og Riksscenen for å lande stipend og dato for gjennomføring.

- a. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i.Folkemusikk: S
 - . Samtale/Bladslepp: Det var bladslepp for Folkemusikk nr. 1/22, og slepp for sesong 2 av podkasten, på Rauland internasjonale vinterfestival fredag 18. februar. Formatet var ei samtale om stoda for folkemusikken og folkedansen i Telemark, med redaktøren som ordstyrar. Samtala blei òg kringkasta digitalt. Det var om lag tjue personar i salen og ti som følgde samtala på digitale plattformer.
 - i. Folkemusikk sesong 2, med tittelen «Får du fot?», totalt seks episodar, vart lansert i februar/mars.
 - ii. Vi arbeider med digital tilgjengeleggjering av Spelemannsbladet.
 - i.FolkOrg.no/anna informasjonsarbeid
 - . Deltek jamleg på oppdateringar og samlingar kring utvikling og arbeid med sosiale media.

- i. Freistar å ha jamn bruk av snapchat-kontoen "folkemusikk Norge" med ulikt innhald som dekkjer alt frå øving til konsertar, verkar framleis populært å følge med
- a. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i.Vi har hatt ei rekke møte med ulike sentrale politikarar for å lobbe for ei utdanning i utøvande folkedans.
 - ii.Vi har hatt møte med Mats Borch Bugge (musikksjef) og Rolf Lennart Stensø (redaksjonssjef kultur) frå NRK. Det var eit positivt møte.
 - iii.Vi har vore i to møte med Musikkindustriens næringsråd. MIR vurderer å leige inn eit advokatfirma for å sjå på om regjeringa hadde lov til å stenge ned kulturlivet under pandemien.
 - iv.Dagleg leiar er no styremedlem i European Folk Network.
 - v.Vi har delteke i årsmøte i Norsk folkemusikklag.
 - vi.Arrangørforum planlegg i samarbeid med NOKU, Creo og Norsk musikkråd, ein debatt om regionale kulturfond under Arendalsuka. Vi skriv også på ein kronikk med same tema.
- a. Særskilde satsingar
 - i.Lag og medlemmer
 - . Vi har gjennomført samlingshelg med FolkleiarUng, jobbar no med utlysing for neste skuleår.
 - i. Vi har gjennomført kurs med Balansekunst for hovudnemndene for LK og LF 2022 og avtalt med Balansekunst om korleis og i kva periode kursa skal gå føre seg for neste års arrangørar.
 - ii. Vi har hatt ny lokallagskaffi i mars og sender ut nyheitsbrev til lokallaga rett før påske.
 - iii. Folkemusikkens og folkedansens dag er 16. Juni. Vi klarte å få mange av våre lag til å søkje om midlar frå den sentrale potten til Frivillighet Norge.
 - i.Informasjon, formidling, dokumentasjon
 - . Arbeidet med planlegginga av jubileet er godt i gang.
 - i. Vi har hatt møte med Vossa Jazz og Riksscenen om bestillingsverk.
 - ii. Arbeidet med jubileumsantologien er i gang. Redaktørar for antologien er Sigrid Randers-Pehrson og Rasmus Stauri. Referansegruppe er i tillegg til styrets representantar Sigrid Moldestad, Terje Foshaug og Anne Hytta.
 - iii. Prosjektleiar har hatt møte med Kraftak for sang, og skal halde eit innlegg for prosjektet: Syngende kommuner i april.
 - iv. Gjennomført møte med Norges Musikkhøyskole.
 - v. Vi har bedt om tilbod på jubileumslogo og grafisk profil for å feira Folkemusikken og folkedansen år.
 - vi. Møte med produsentar og dagleg leiar for Riksscenen om Kickoff Riksscenen og bestillingsverk.
 - vii. Reservert Grieghallen til gallakonsert 14. Oktober.
 - viii. Vi har blitt bedt om å sende ein egen søknad til KUD med budsjett i samband med jubileet. Det tolkar vi positivt m.o.t. tilskott til feiringa.

i.Kulturpolitisk arbeid

- . Eksportsatsinga for folkemusikk, EX.Tra, som er eit samarbeid med Music Norway, er no i gong. Juryen bestod av: Unni Løvliid, Andreas Ljones, Fredrik Forsmann og Alexandra Archetti Stølen. Det var 39 søkarar og 9 ble vald ut. Vi venter på svar på søknad om tilskot frå UD og KUD.
- i. Oppdatering av læreverk: Ei gruppe bestående av representantar frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Noregs Musikkhøgskule, Ole Bull Akademiet og USN avdeling Rauland er i gong med førebauande arbeid.
- ii. Publiseringverktøy for arkiva: Nasjonalt arkivverk har fått ansvar for dette og systemet er på plass.

b) Rekneskapsrapport per 31.03.2022 med merknader

Vedtak: Styret tok orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering.

Styresak 2022/19 Status og val: FolkOrg 100 år

Vedtak:

- a) Jubileumskonserten blir lagt til Grieghallen 14.oktober 2023. Vi går inn i forhandlingar om pris, og Tormod Kleiveland, Ann Helen Erichsen og Linda Dyrnes er med på møtet.
- b) Styret ønskjer at jubileumskonserten skal være en kunstnarleg produksjon med regissør og produsent.
- c) Jubileumsnemnda har fullmakt til arbeide vidare med prosjektet og velje aktørar.
- d) Styret tok elles statusrapporten til vitande og kom med gode idear som jubileumsnemnda tek med seg vidare.

Styresak 2022/20 Rekruttering av medlemmer

Vedtak:

Styret drøfta ulike idear for å få opp talet på medlemmer. Administrasjonen tek med seg ideane vidare og sorterar kva vi kan få gjort i år og kva vi kan gjere på sikt.

Styresak 2022/21 Utlysing av Årets lokallag, Årets folkemusikkarrangør og Årets eldsjel

Vedtak:

Årets lokallag

Utlysing: I april, med søknadsfrist 31. mai (ny)

- Jury: Styret i FolkOrg er jury for prisen. Dei vel ut tre nominerte til prisen og ein vinnar.
- Stad: Prisen delast ut på LK eller LF avhengig av kven som vinn (ny)
- Nominasjon: Det er open nominasjon, der alle kan nominere og det er lov å melde inn eige kandidatur. Det vert oppmoda til at styremedlemmar og kjem med kandidatar.
- Prispengar: Kr. 20 000.

Årets folkemusikkarrangør

- Utlysing: I mai med søknadsfrist 01. september
- Jury: Styret i FolkOrg er jury for prisen. Dei vel ut tre nominerte til prisen og ein vinnar.
- Stad: Prisen delast ut på Folkelarm
- Nominasjon: Det er open nominasjon, der alle kan nominere og det er lov å melde inn eige kandidatur. Det vert oppmoda til at styremedlemmar og kjem med kandidatar.
- Prispengar: Kr. 20 000

Årets eldsjel – NYTT NAMN: FOLKORGS ELDSJELPRIS

- Utlysing: I juni, med frist i medio august, året før utdelinga (ny)
- Jury: Styret i FolkOrg er jury for prisen. Dei vel ut tre nominerte til prisen og ein vinnar.
- Stad: Prisen delast ut annankvart år, på Landsmøtet (ny)
- Nominasjon: Det er open nominasjon. Det vert oppmoda til at styremedlemmar og kjem med kandidatar.
- Prispengar: Kr. 0,-

Styresak 2022/22 Gnist-prise

Vedtak:

- a) Det delast ut ein pris i året
- b) Prisen delast ut i forkant av Halling klasse A. Ungdomssamlinga vert lagt anten før eller etter utdelinga
- c) Vi held fram med ekstern jury for Gnist-prise

Styresak 2022/23 Utlysing av Årets folkemusikkfotografi

Vedtak:

- a) *FolkOrg fortsett med å dele ut prisen Årets folkemusikkfotografi i samband med utdelinga av Folkelarmprisane, etter dei retningslinjene som er vedteke tidlegare.*
- b) *Prisen vert lyst ut snarleg, med ekstra fokus under arrangementa i sommar. Fristen for å levere bidrag til prisen vert sett til medio oktober.*

- c) *Styret i FolkOrg er juryen for Årets folkemusikkfotografi også i 2022 då dette var effektivt, verka rettferdig, og førte ikkje til auka kostnadar.*

Styresak 2022/24 Styrets deltaking på LK og LF

Vedtak:

Styret er representert med desse under Landskappleiken på Rjukan:

1. Hilde Reitan
2. Camilla Granlien
3. Kristian Ihle Hanto
4. Kjellbjørn Karsrud
5. Ole Erik Feragen

Styret er representert med desse under Landsfestivalen i gammaldans i Vågå:

1. Hilde Reitan
2. Tormod Kleiveland
3. Torfinn Hofstad
4. Thomas Nilssen

Styresak 2022/25 Fordeling av aktivitetsstøtte

Vedtak: Styret vedtok å fordele aktivitetsstøtta slik:

Styresak 2022/26 Medlemsskap i Norske festivaler

Vedtak:

Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk melder seg ut av Norske festivaler med verknad frå 2023.

Styresak 2022/27 Har du folkemusikkskikk? Utkast til plan.

Vedtak:

FolkOrg lagar ei kampanje med bakgrunn i saksframlegget og diskusjonen i styret. Kampanjen skal vere klar til sommarens arrangement. Vi hentar inn ekstern hjelp til å bidra inn i arbeidet.

Styresak 2022/28 Folkemusikk – strategi og vegval

Vedtak:

- a) *FolkOrg utarbeider ei spørjeundersøking som sendast til alle medlemmer over 18 år, der vi spør om kva ønskjer medlemmene har for Folkemusikk.*

- b) *Styret og administrasjonen førebur ei sak om framtida til Folkemusikk. Den blir lagt fram på landsmøtet i 2023.*

Styresak 2022/29 Digital tilgjengeliggjering av Spelemannsbladet

- a) Alle utgåver av Spelemannsbladet og Folkemusikk vert gjort digitalt tilgjengeleg på alle bibliotek.
b) Vi vil lansere alle utgåver av Spelemannsbladet fram til og med 1969 på nett, og vurdere å publisere fleire årgangar etter det.

Styresak 2022/30 Utnemning av heidersmedlem

Vedtak:

Styret gjorde vedtak om utnemning av heidersmedlem. Vedtaket er ikkje offentleg før utdelinga.

Styresak 2022/31 Dato for landsmøtet 2023

Vedtak:

- a) *Landsmøtet 2023 finn stad 21.-23.april 2023 i Oslo.*
b) *Styret ønskjer eit program på Riksscenen på kveldstid, og hotell som ligg i nærleiken av Riksscenen.*

Styresak 2022/32 Møteplan hausten 2022

Vedtak

Styremøte 2022/04 er sett til 29.-30.september

Styremøte 2022/05 er sett til 18.november

Styresak 2022/33 Eventuelt

- a) Framlegg til revidert av tevlingsplan for Landsfestivalen i gammaldans 2022 vart vedteke.
b) Deltaking på Representantskapsmøtet i SFF 13.mai kl. 11-17: Torfinn Hofstad, Thomas Nilssen, Kristian Ihle Hanto. Linda Dyrnes.
c) Deltaking på representantskapsmøte i Musikkens studieforbund og Rådsmøte i Norsk musikkråd 31.mai kl.16-18: Linda Dyrnes
d) Det blir delt ut medaljar til tidlegare utnemnte heidersmedlemmer i FolkOrg under meisterkonsertene på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

- e) Bergen juniorspelemannslag får, på Landskappleiken, høve til å spele før lagspel senior tek til torsdag morgon, då skulane i Bergen held fram til onsdag.
- f) Det blir digitalt styremøte 15.juni kl.15-17.